

# Alternativ opplæringsarena

Anne Siri Nytveit

Mona Heen



Statsforvaltaren i Vestland



04.09.2024




# Plan for samlinga

- Kva er alternativ opplæringsarena?
- Kva veit vi om bruk av alternative opplæringsarenaer i Vestland?
- Regelverk:
  - Rettsleg grunnlag for å bruke alternativ opplæringsarena
  - Krav til vedtak
  - Om gjennomføring av opplæringa på alternativ opplæringsarena
- Gruppeoppgaver
- Spørsmål



# Kva er alternativ opplæringsarena?

Alternativ opplæringsarena er en arena, utanfor skulen sitt område, der ein eller fleire elevar får heile eller deler av opplæringa si.





# Kva veit vi om bruk av alternative opplæringsarenaer i Vestland?

- **Omfang:**
  - 292 elevar, 237 gutar og 55 jenter. Flest på ungdomstrinnet
- **26 av 43 kommunar har rapportert bruk av alternativ opplæringsarena**
  - 8 kommunar har 10 eller fleire elevar på alternativ opplæringsarena
- **Kva alternative opplæringsarenaer fins i fylket?**
  - Gardsbruk, uteskule i naturen i regi skulen, private stiftingar og organisasjonar
  - Opplæringa blir gitt i små grupper, eller ein til ein
- **Kva veit vi om tilbodet? Bakgrunnen for at elevane går der? Kor lenge? Korleis blir skulegangen vidare?**



# Sentrale prinsipp for skulen sin praksis

- Fellesskulen har lange tradisjonar i Norge
- Sentrale prinsipp i Overordna del av læreplanverket:
  - Inkluderande læringsmiljø prega av:
    - Mangfold
    - Medverknad
    - Respekt
  - Tilpassa opplæring:
    - Likeverdige muligheiter til læring og utvikling uavhengig av kva føresetnader elevane har
    - Undervegsvurdering som fremjar læring og utvikling



# Regelverk: Hovudregel og utgangspunkt

- Opplæringslova med forskrifter gjeld for alle elevar
  - Rett til å gå på ein skule i nærmiljøet oppl. § 2-6
  - Rett til å høyre til i ein klasse / gruppe oppl. § 14-2
- Krav om særskilt heimel for å ta enkeltelevar ut av nærskulen og klassen



# Rettslege grunnlag for å bruke alternativ opplæringsarena

- Særskilt språkopplæring kan skje ved annan skule enn nærskulen, jf. oppl. § 3-6
- Innføringsklassar for flyktningar / asylsøklarar, jf. oppl. § 3-7
- Individuelt tilrettelagt opplæring jf. oppl. § 11-6



# Andre alternativ?

- **Samtykke?**
  - Alternativ opplæringsarena kan ikkje brukast berre på grunnlag av samtykke frå elev/foreldre
- **Som tiltak i eleven sin aktivitetsplan for eit trygt og godt skulemiljø?**
  - Alternativ opplæringsarena kan ikkje brukast som tiltak i eleven sin aktivitetsplan for eit trygt og godt skulemiljø
- **Omdisponering av 25 % av timetalet i fag for enkeltelevar?**
  - Skal føre til betre måloppnåing samla sett for eleven
  - Eleven må få opplæring i alle kompetansemål
  - Omdisponering krev samtykke frå foreldre, ikkje sakkunnig vurdering eller vedtak.





# Individuelt tilrettelagt opplæring, opplæringslova § 11-6

«Elevar har rett til individuelt tilrettelagd opplæring dersom dei treng det for å få tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

I vurderinga av kva for opplæringstilbod som skal givast, skal det særleg leggjast vekt på utviklingsutsiktene til eleven.

Opplæringstilbodet skal utformast slik at det samla kan gi eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa samanlikna med andre elevar og i tråd med dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven.»

[jf. oppl.§11-6](#)



# Om sakkunnig vurdering

- **Sakkunnig vurdering frå PPT jf. oppl. § 11-8**
  - Eleven sitt utbytte av den ordinære opplæringa
  - Kvifor eleven ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa
  - Realistiske opplæringsmål for eleven
  - Tiltak som kan gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa
    - Konkret om innhald, omfang og organisering
  - Kva kompetanse den som skal gi opplæringa bør ha
- **Dersom det er til barnets beste å få opplæringa på alternativ arena**
  - Kvar og kva føresetnader må ligge til grunn for tilbodet



## Om vedtaket

Enkeltvedtaket om individuelt tilrettelagt opplæring må klart og tydeleg fastsette kva opplæringstilbod eleven skal ha, jf. oppl. § 11-7.

Enkeltvedtaket skal sei noko om eleven sitt behov og kva som kan gi eleven eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa.



# Vedtaket om individuelt tilrettelagt opplæring fastset:

- Varighet
- Omfang
- Innhold
- Avvik frå sakkunnig vurdering må grunngjevast
  - Bruk av alternativ opplæringsarena er avvik frå sakkunnig vurdering, dersom PPT ikkje har vurdert og tilrådd dette
- Organiseringa
- Krav om særskilt kompetanse, § 11-9
- Kva er barnet sitt beste, kap 10



# Om gjennomføring av opplæringa på alternativ opplæringsarena – krav om IOP

Etter at vedtaket er gjort skal skulen utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for eleven.

IOP-en skal vise:

- Mål for opplæringa
- Innhald i opplæringa
- Korleis opplæringa skal drivast



# Om gjennomføringa av opplæringa på alternativ opplæringsarena - IOP

Ein IOP skal:

- vere i samsvar med enkeltvedtaket
- ligge innafor rammene av vedtaket
- ikkje innehalde nye rettar

Dette inneber at dersom det ikkje går fram av enkeltvedtaket at eleven skal få opplæring på ein alternativ opplæringsarena, så kan ikkje skulen fastsetje det med heimel i ein IOP.



# Om gjennomføringa – krav om årsrapport

Skulen skal utarbeide årsrapport for elevar med enkeltvedtak om individuelt tilrettelagt opplæring.

Årsrapporten skal vere skriftleg og innehalde ei oversikt over opplæringa eleven har fått og ei vurdering av utviklinga til eleven opp mot måla i den individuelle opplæringsplanen.

Opplæring gitt på alternativ opplæringsarena skal inngå i årsrapporten.



# Krav om avtale mellom kommunen og alternativ opplæringsarena

Det må føreligge avtale om bistand til gjennomføring av individuelt tilrettelagt opplæring, mellom skuleeigar og den alternative opplæringsarenaen.

Skuleeigar kan ikkje overføre ansvaret for opplæringa til alternativ opplæringsarena.





## Avtalen bør innehalde noko om:

- Kva oppgåver skal opplæringsarenaen bistå med?
- Samarbeid og oppfølging frå skulen/fylkeskommunen
- Aktivitetsplikt for å sikre trygt og godt skulemiljø
- Meldeplikt til barnevernet
- Politiattest
- Honorar og oppseiing



# Gruppeoppgave

1. Sørgjer kommunen / fylkeskommunen for at opplæringa er tilpassa, det vil seie at elevane får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa uavhengig av føresetnader, og at alle skal få utnytta og utvikla evnene sine.
2. Kva praksis har vi for å vurdere bruk av alternativ arena i vår kommune?

## Metode: IGP

- Individuelt: Tenk gjennom spørsmåla, 1 minutt
- Gruppe: En og en deler sine refleksjoner, 10 minutt
- Plenum: Valgfri

The background of the slide is a light gray gradient. On the left side, there are several faint, stylized line drawings of human faces and profiles, some with simple features like eyes and mouths. These drawings are overlaid with a network of thin, white, curved lines that create a sense of movement and connection. The overall aesthetic is clean and modern.

Spørsmål?



# Lenker

[Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringslova\) – Lovdata](#)

[Forskrift om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa \(opplæringsforskrifta\) | udir.no](#)

[Regelverk for skole og opplæring | udir.no](#)

[Veileder for tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging | udir.no](#)

[Alternativ opplæringsarena | udir.no](#)